

## Styrevedtak om budsjett 2024

1. Styret i Helse Førde HF vedtek årsbudsjett og investeringsbudsjett for 2024 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endringar innanfor ramma av vedteke årsbudsjett og investeringsbudsjett.
3. Styret ber administrerande direktør om å halde fram arbeidet med å gjennomføre kostnadsreduserande tiltak i føretaket, med mål om å lukkast med å redusere overforbruket gjennom 2024. Helse Førde har som mål om at ingen fast tilsette skal miste jobben som følgje av tiltaka. Dette skal skje gjennom naturleg avgang og omplassering av fast tilsette. I alt omstillingssarbeid må fokus vere på arbeidsmiljø, samt helse, miljø og tryggleik for tilsette og pasientar.
4. Styret ber om å få investeringsbudsjettet til ny behandling dersom føresetnadene i finansieringsgrunnlaget endrar seg.
5. Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret gjennom 2024.
6. Styret ser at både årsbudsjett og investeringsbudsjett for 2024 er stramt og krevjande, med store krav om omstilling og endring, samstundes som føretaket skal gjennomføre ein større flytteprosess over i Liva-bygget. Skal Helse Førde oppnå ynskt omstillingseffekt er vi avhengig av gjennomgåande godt samspel i heile organisasjonen. Styret ber difor administrerande direktør følgje konsekvensane av budsjett-tiltaka nøyne, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitet i tenestene og pasienttryggleik. Styret ber om å bli orientert om status gjennom verksemderapport minst ein gong pr. tertial.